



Eit eksempel på namnebruk som vert omtala her.

Ein av våre trufaste lesarar har nemnt ei interessann språksak for oss. Han hadde dei seinare åra reagert på inkonsekvent bruk av bestemt form (Uskedalen) og ubestemt form (Uskedal) av namnet på bygda vår. Han meinte at det var rett å bruka ubestemt form m.a. på lagsnamn.

Dette fekk undertekna til å tenkja tilbake på barnelærdommen frå Uskedal skule. Eg meiner bestemt at vi lærte at hovudregelen var at bygdenamnet skulle skrivast i bestemt form, Uskedalen, når det stod åleine. Derimot skulle det brukast ubestemt form (Uskedal) når det var i eit samansett namn av fleire ord. Derfor skulle det t.d. heita Uskedal ungdomslag, Uskedal kyrkje, Uskedal samyrkjelag, Uskedal idrettslag, Uskedal Trelastlager og Uskedal skule for å nemna nokre døme. Det er nok i denne gruppa vi etter kvart er blitt mindre konsekvente i bruken. Av og til brukar vi Uskedalen skulemusikk, medan det veka etter heiter Uskedal skulemusikk.

Dette er ikkje noko reint Uskedalsfenomen. Vi har i alle fall det same i dei to næraste nabobygdene våre. Det heiter t.d. Herøysundet når det står åleine, medan det skal vera Herøysund idrettslag.

Undertekna må nok innrømme at den gode barnelærdommen frå Uskedal skule har blitt litt fortrengd med åra. Bruken av ubestemt og bestemt form av bygdenamnet har blitt litt ubevisst og tilfeldig, ja, eg er nok ein av dei store syndarane på dette området.

Mellom lesarane våre er det sikkert mange som kan mykje om bruken av Uskedal eller Uskedalen. Dei har heilt sikkert noko å meddela lesarane våre. Stemmer forresten det som eg har hevda ovanfor? Det hadde vore kjekt og interessant om lesarane våre kunne koma med innspel. Det kan gjerast ved å gå inn på "e-post til oss" i innhaldslista til venstre. Ei meningsutveksling om dette vil nok og gjera oss meir bevisst i rett bruk av namnet på bygda vår.

Av: Thor Inge Døssland